

RAPPORT OM

NAUSTMILJØA I KVAM

OPPFYLGING AV KULTURMINNEPLANEN
2017 - 2027

Randi Storaas



I. Føreord

Rekkjene med naust er eit karakteristisk innslag i kulturlandskapet i kommunen. Med si plassering i den attraktive strandsona, kan naust og naustmiljø vera utsette for eit større press enn andre bygningssmiljø. Nylege registreringar syner at den gjennomsnittlege tapsandelen for sjøhus og naust er høgare enn for andre bygningstypar i Noreg. Berre i nabokommunen vår Samnanger var det akkumulerte tapet av sjøhus og naust så høgt som 49 % i perioden frå 2000-2019.

NIKU rapport: Status for verneverdige kulturminner i utvalgte kommuner. Sammendragsrapport 2000-2019.

Arbeidet med prosjektet *Registrering av naustmiljø - redningsaksjon for truga kulturminnetyper* kom i stand, som eit oppdrag frå Kvam herad, for å kartlegga status på naustmiljøa på "gul liste" i kulturminneplanen, og for å dokumentera og registrera andre naustmiljø i heradet av kulturhistorisk verdi. Oppgåva var også å peika på om det er andre kulturmiljø enn dei som er på "gul liste", som bør vurderast for plass på lista ved rullering av kulturminneplanen.

Handlingsplan for Kvam herad, vedtatt i HST-sak 055/18.

Målet med arbeidet har vore å få oversyn over alle dei eldre naustmiljøa i heradet. Med oversyn vert det lettare å styra utviklinga, slik at naustmiljø av kulturhistorisk verdi vert tatt vare på for ettertida. Heradet ynskjer ei bevisstgjerings kring denne delen av kulturarven, både i eigen organisasjon, mellom eigarar av dei verdfulle kulturminnemiljøa og hjå innbyggjarane i heradet.

Arbeidet med fotodokumentasjonen og rapporten vart gjort av undertekna i perioden september 2021 til august 2022. Alle eldre naust- og sjøhusmiljø i Kvam er fotograferte frå sjøen. Dei som er på "gul liste" er også fotograferte frå land. Alle foto har fått GPS-koordinat og er lagt inn i kommunen sin kartdatabase.

Det har vore ei interessant oppgåve å køyra båt rundt alle nes og inn i alle viker langs heile Kvam, med fotografiapparatet for auga. Det var ikkje alltid lett å sjå kva som skjulte seg bak fasadane, og det var vanskeleg å setja ei fast grense for kva som skulle takast bilete av. Det kan dermed tenkjast at nokon eldre naust kan ha gått meg hus forbi, og at fleire nyare er komne med.

Dei aller fleste eldre naust og sjøhus er nok likevel med. Dersom noko viktig er utelate, er det fint med tilbakemeldingar, slik at foto av dette på sikt kan koma inn i heradets kartdatabase.

Eg har og fotografert nausta i Fitjadalen ovanfor Øystese, og ved Longvotno og Maovotno på Kvamskogen. Ved Soget i Fitjadalen er det eit interessant naustmiljø som fortel om kor viktige utmarksressursane var for den tradisjonelle gardsdrifta. Ved dei to vatna på Kvamskogen var det ingen naust knytte til den tradisjonelle gardsdrifta, men der er fleire naust frå 1900-talet, som høyrer til hytter. Prosjektet gav ikkje rom for å registrera naust ved fjellvatn der det ikkje går bilveg.

Bygningsvernkonsulent Anne Lise Brask Eriksen frå Vestland fylkeskommune/ Hardanger og Voss museum har vore med på ein gjennomgang av alle foto og vurdering av dei ulike miljøa. Stor takk til henne for fagleg støtte og rådgjeving. Elles mange takk til alle nausteigarar og andre, som har hjelpt til med opplysningar, og til Peter Helland Hansen ved Hardanger fartøyvernssenter, som har gjeve tips og innspel knytt til båtbyggingsmiljøa i heradet. Takk og til dei som har sytt for båtskyss under feltarbeidet.

Norheimsund, 9. september 2022.

Randi Storaas

Randi Storaas

- master i kulturvitskap
- arbeid med registrering av kulturmiljø for Riksantikvaren, Miljøverndepartementet og fleire fylkeskommunar
- laga boka: *Lykkens prøve - om hardingar på sjøen*
- arbeid som formidlingsleiar ved Hardanger fartøyvernssenter 1996 - 2006
- har laga mange biletspel-filmar, mellom anna: *Då sjøen var vegen*, *Nordlandsfarten* og *Kvinna ved havet*.

*Foto på framsida: Naustmiljøet på Fonnaland.
Alle nyare foto i rapporten er tatt av Randi Storaas.*

2. Innhaldsliste

1. Føreord	s. 2
2. Innhaldsliste	s. 3
3. Innleiing	s. 4
Fjorden var veg, matkammer og næringsveg	s. 4
Naust - byggemåtar og alder	s. 6
4. Naustmiljø på gul liste	s. 7
Bruosen	s. 8
Fosse	s. 10
Stekka	s. 12
Fonnaland	s. 14
Vikøy	s. 16
Mathilde	s. 18
Sandven	s. 20
Holmsund	s. 22
Fitjadalen	s. 24
Laupsa	s. 26
Steinstø	s. 28
Vikedal	s. 30
5. Vurdering av verneverdi	s. 32
Forslag til generelle retningslinjer	s. 32
6. Andre verdifulle naustmiljø	s. 37
Nes i Mundheim	s. 37
Indre og Ytre Oma	s. 38
Andre båtbyggingsmiljø	s. 39
Eidesvågen	s. 40
Fykkesund	s. 41
7. Oppsummering	s. 43
8. Avslutning	s. 44
Vedlegg: Ferdslø i innmark og utmark	s. 45

Til høgre:

Langskipstufta i Hofn i Dysvik. Namnet vert uttalt Hobm, og er eit gammalt namn for Hamn. Denne naustplassen er, saman med langskipstufta i Skipadalen på Valland, dei eldste naustplassane me veit om i Kvam.

Både stader står det i dag tradisjonelle naust. Desse stadene har vore naustplassar i mange hundre år. Nausta står på grunn som er automatisk freda etter Kulturminnelova på grunn av alder. Dei viser oss dei lange linene i kulturhistorien.



3. Innleiing

Fjorden var veg, matkammer og næringsveg

Fjorden har til alle tider spelt ei viktig rolle for folk i Kvam. Med båt hausta dei frå fjordens matkjelde, og med båt tok dei seg fram langs fjord og kyst. Ferdsla til lands møtte mange stengsler. Her var elvar, bratte lier og fjell. Vegar fanst det lite av. Folk som hadde ærend til byen eller til andre bygder, drog helst med båt og brukte årar og segl for å koma seg fram. Fjorden var allfarvegen, som knytte bygdene og distrikta i hop.



Under: På kyrkjeveg frå Norheimsund i 1886. Eit spebarn skal døypast i Vikøy kyrkje. Foto: Axel Lindahl.

Over: Fjordfisket var ein av fleire sysler for å få endane til å møtast. Dette var noko mange dreiv med. Heimefisket gav mat på bordet. Her har Sjur L. Ålvik fått lange på line utanfor Ålvik. Foto: Frå boka Attersyn, Atle Ålvik.



Alle gardar hadde naust, for folk måtte ha tilgang til fjorden. Det var ikkje uvanleg at to gardsbruk delte naust. Mange hadde naust på eigen grunn. Andre hadde naustrett på annan manns grunn etter gamal sedvane. Sedvane er ein praksis som vert fylgd over lang tid, som regel utan at dette er nedfelt skriftleg. Somme stader vart det ikkje betalt noko for retten, andre stader vart det betalt årleg festeavgift. Opp gjennom åra er det fleire stader folk har fått kjøpa grunnen under nausta sine.

Båtane vart tatt ut ved bruk og inn att etterpå. I nausta låg alt som var naudsynt av utstyr til ulike føremål når båtane var i bruk.

Folk fiska til eige hushald, men det var og mange frå Kvam som deltok i vårsildfisket på kysten, og i frakting av sild, torsk og varer. Sildefisket fekk mykje å seia for kvenningane ved at det skapte stor etterspurnad etter tønner, båtar og fartøy. På strekkja Tørvikbygd - Oma, med senter i Strandebarm, vart det bygd mange båtar og fartøy.

Fartøybygginga var på topp kring 1850 med bygging av 10-12 fartøy i gjennomsnitt årleg. I 1851 vart det bygd 23 fartøy. Lenger inne i Kvam vart det bygd 6 fartøy det same året. Her vart det og bygd båtar, men aldri av same omfang som i Strandebarm.

Ved folketeljinga i 1900, vart det registrert over 100 båtbyggjarar i Strandebarm, og det blei endå fleire framover mot 1930-åra. Kring 1910 vart det bygd nærare 1000 båtar pr. år. Båtbygginga skaffa arbeid og inntekt til ein stor del av dei yrkesaktive mennene i Strandebarm.

Nils Kolle: Bygdebok for Kvam, bind 2.

Randi Storaas: Heftet: Lykkens prøve - om hardingar på sjøen.

Peter Helland-Hansen: Strandebarmaren

Peter Helland-Hansen: Dokumentasjon av hardangerbåtar. Rapport nr.2-20 Hardanger Fartøyvernssenter



Over: Gravferd i indre Hardanger kring 1910. Foto: Anders P. Wallevik. Hardanger og Voss museum.



Over: Jakteskipper Kristoffer Sollesnes, som budde i Holmsund, er her i Sollesnes med jakta "Marie". Foto: Kvam bibliotek.

Under: Dampskipsanløp på Bakka i 1912. To strandebarmsbåtar skal truleg sendast med dampen. Foto: Lauritz Bekker Larsen, Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.



Naust - byggemåtar og alder



Dei eldste nausta er dei som har tørrmura vegger og lafta omfar over. Dei kan vera frå 1700-talet eller eldre. Over ser me døme på denne typen naust. Det til venstre står på Valland. Det til høgre står ved Soget i Fitjadalen. Ved Soget er det fleire slike opne naust med lafta tømmerstokkar, som er lagt opp på hjørnesteinar.



Nausta som er lafta, bygd av liggjande tømmerstokkar, høyrer også til dei eldste nausta, og kan vera frå 1700-talet eller eldre. Det lafta naustet til høgre står i Vangsvik i Vangdal.

Utviklinga gjekk frå liggjande laft til den ståande staven. Dei eldste nausta med ståande stavkonstruksjon er dei grindbygde nausta. Dei er truleg frå 1800-talet, men kan vera eldre. I naustet til høgre, som står på Sandvenholmen, viser grindene tydeleg. Naustet er under restaurering.



På slutten av 1800-talet vart det vanleg å byggja naust i bindingsverk. Under ser me eit naust/ verkstad i Holmsund, som er bygd på denne måten. Til høgre ser me korleis det er bygd med liggjande botnsvill og toppsvill og ståande stenderar mellom.



4. Naustmiljø på “gul liste”

Kvam herad sin kulturminneplan var klar i 2017. Spesielt viktige kulturmiljø vart oppført på “gul liste” i planen. Oppføring på lista inneber ikkje at kulturminne og kulturmiljø er freda, men at dei vert viste som omsynssone i kommuneplanen sin arealdel, og eventuelt fylgde opp gjennom regulering. Kulturminneplanen er førande for all byggesakshandsaming og planarbeid i kommunen. Omsynssonene vil visa kva for viktige omsyn ein skal ta innanfor den avgrensa sona, og vil på det viset ha innverknad på ulike typar planlagd arealbruk.



Over: Dørhengsle i tre på naust på Fonnaland.

Her kjem ein gjennomgang av dei maritime kulturmiljøa i Kvam, dei som står oppført under kategorien: Fjord, fartøy og fiske. I tillegg til informasjon om staden, kjem informasjon om tilstand, planstatus, vernestatus, verdivurdering og moglege tiltak.

Vedlikehaldskategoriar

TG1 – treng vanleg vedlikehald

TG2 – treng naudsynte tiltak

TG3 – treng strakstiltak



Over: Naturleg vaksne takrennefeste på naust i Laupsaffjora.

Til høgre:
Ein del av nausta i Kvam har ein andre etasje. Den andre etasjen vart brukt som lager, som arbeidsstad og til overnatting, somme stader også til bustad. Dette naustet står i Steinstø og høyrer til to bruk på Bjørke.



Bruosen - Bergsosen gnr 120 bnr 16 m.fl

Skildring av området

Ved utlaupet av Strandadalselva ligg ei av dei få elvehamnene i fylket. Like aust for elva ligg Strandebarm kyrkje. Denne staden har vore kyrkjestad i mange hundre år. Ei stavkyrkje, nemnd i 1306, sto heilt nord på dagens kyrkjegard. Mange kom til kyrkje i båt og landa båtane sine oppover langs elva.

I Bruosen, på vestsida av elva, vaks det fram ein handelsstad etter liberaliseringa av handelslovene i 1842. Gjennom åra kom det fleire butikkar, samt pensjonat, fargerier og slakteri.

Under: Frå venstre ser me eit kvitt hus. Her låg Årsand Pensjonat. På elvebreidda står to gule hus/naust frå 1990-åra. På denne staden låg tidlegare eit langstrakt hus frå 1870-åra. Dette var fargeriet til Jens Årsand, og her leta (farga) han nyvove vadsmål for bondekonene. Så kjem me til to naust som høyrer til gardsbruk på Bru. I det store kvite huset var det slakteri, like fram til om lag 1940. I det neste store huset, det raude, var det butikk og telefonstasjon. Huset vart bygd kring 1900 av Thomas Ænes. Butikken hadde mangt å selja og folk kom like frå Hålandsdalen og Kysnes for å handla. Ænes-butikken var i drift fram til 1959. I det raude huset til høgre for Ænes-butikken, hadde Per Hansson Bru butikk. Han byrja med handel i 1875. Huset er seinare bygd om til naust.



Over: Bruosen og Bergsosen i 1950-1960-åra. Heilt til høgre på oppsida av elva ser me Jåstad-huset, som var butikk med bustad. Dette huset er det i dag berre grunnmuren att av.

Bruosen miste litt litt av sin posisjon i første del av 1900-talet. Her var for grunt i sjøen til å koma inn med større båtar. Handel var det likevel her heilt fram til nærare 1960, for den stetta eit behov i nærmiljøet den tid det var få som hadde bilar.

Tilstand

TG1 – Treng vanleg vedlikehald

TG2 - Treng naudsynete tiltak



Planstatus

Området på vestsida av elva har status som bevaringsområde i reguleringsplan. Kvam herad har sikra og regulert området ved hjelp av plan- og bygningslova. Austsida av elva er "område for nærmere angitt bebyggelse og anlegg". I reguleringsplanen frå 1998 er to av bygga vist som «bevaringsområde». Dette gjeld dei to nausta.

Vernestatus

Området er på "gul liste" i kulturminneplanen. Det er eit verneverdig kulturminnemiljø, regulert som bevaringsområde. Prestegardsnaustet på austsida av elva er freda.

Verdivurdering

Bruosen/ Bergsosen er ei av dei få elvehamnene i fylket. Kulturmiljøet inneheld både naust og ulike næringsverksemdar. Det er lite endra og vel verd å verna om.

Tiltak

Området på austsida av elva har ikkje eiga omsynssone i kommuneplanen. Omsynssona rundt Bruosen bør utvidast til også ha med naustområdet på austsida. Dei to store husa, slakteriet og butikken, kunne fått betre vedlikehald. På Ænes-butikken av mur og bjelkar mot elva sviktande. Her trengst reparasjon.

Kjelder

Kulturhistorisk Vegbok s 376

www.norske-kirker.net

Munnlege kjelder:

Leidolv Berge

Per Hjartnes

Under: Her ser me Bruosen frå landsida, med frå venstre det kvite bustadhuset til fam. Ænes, så kjem Ænes-butikken, eit nyare gult naust på gamal naustgrunn og det kvite huset, som var slakteri. Løa til Ænes ligg til venstre for huset. I floren var det sauer og eit par kyr, og mjølka vart seld direkte i butikken.



Over: I Bergsosen, på austsida av elva, ligg i dag to naust. Det raude er eit gammalt grindbygg, som er freda og nyleg restaurert. Det står på bygsla grunn og høyrer til prestegarden. Det var tidlegare fleire bygg sør for desse nausta. I to av husa budde det strandsitjarar. I dag ligg her båtstøer inntil elvekanten, der fleire på Berge fortøyer båtane sine.

Under: Frå høgre ser me butikkane (dei raude husa) og slakteriet (det kvite). Husa står på elvekanten og varer vart heist opp frå og fira ned til båtar. Slakteavfallet vart sendt ut gjennom opninga ned ved golvet, og alt flaut til fjords. Ænes-butikken var ein staseleg butikk med svarte og kvite fliser på golvet, store vindauge, og eige kontor med safe. I dag står kassaapparat og gamle vekter som før. Reklameplakatar heng på veggen og varer står framleis i hyllene. Butikken er slik den var i 1959, då den vart lagt ned.



Under: Dette er det eldste naustet som i dag står i Bruosen. Det ligg mellom dei to tidlegare butikkane, som me ser på biletet over. Det har tørrmura vegger med lafta omfar over.



Skildring av området

I Fossvågen, ei nordvestvend vik i Strandebarmsbukta, har det vore aktivitet langt attende i tid. Ved graving i området vart det funne ein fingerring av gull frå 1100-1300-talet. Fossvågen har god djupne og er registrert som båthamn. Segljakter, som vart brukt til oppkjøp av fisk i Nord-Norge, låg i vågen, og under andre verdskrigen låg her fleire krigsskip.

I naustrekkja er det 13 naust og fleire nausttuffer. Eit bustadhus og ei skytje ligg tett på nausta. Tre av nausta er lafta. Dei er truleg frå 1700-talet eller eldre. Dei fleste er grindbygde. Nausta høyrer til gardane på Fosse og til skogagardane Haukås, Tufto og Engjadalen. Etter gamle avtalar hadde alle gardane tilgang til sjøen, der dei hadde oppdragsrett for båtane sine og rett til å setja opp naust. Somme har fått kjøpa grunnen under nausta sine. Fleire naust er sameige mellom to brukarar. Folk frå skogagardane hadde nausttomt for å få tilgang til sjø, fiske og matauk. Ved gravferd fungerte nausta som «bårehus» før dei drog vidare til kyrkja for gravlegging.

I Fossvågen var det sagbruk. Det kom store flåtar med tømmer frå andre sida av fjorden. Flåtane låg på vågen til tømmeret vart sagd på saga.



Her vart det skore materialar til båtbygginga som gjekk føre seg i Strandebarm. Saga sto nedfor nausta som ligg lengst sydvest (til høgre i biletet under). I 1938 vart saga riven, og eigar bygde ny, stor sag på andre sida av Fossvågen. I dag er det to nausttomter der saga sto, og det er fylt opp med ekstra steinmassar. Tomtene har skifta eigar fleire gonger etter at saga vart riven, men det er førebels ikkje bygd nye naust.

Lengst nordaust i vågen låg det ei tid eit anna sagbruk. I dag står eit nyare kvitt industribygg på tomta (sjå forto neste side). Her vert det selt grus og sand.



Tilstand

Nausta her er i tre kategoriar: TG1 – treng vanleg vedlikehald, TG2 – treng naudsynte tiltak og TG3 – treng straktiltak.

Dei fleste nausta ser ut til å ha tett tak. På det eine lafta naustet har taket rast ned. På eit anna lafta naust lek det mellom hellene. Rundt nausta er det overgrodd av vegetasjon.

Planstatus

Ligg i kommuneplanen i område for LNFR -landbruk, natur, friluftsliv og reindrift. Omsynssone bevaring kulturmiljø.

Vernestatus

Ligg på “gul liste” i kulturminneplanen. Ingen vernestatus.

Verdivurdering

Dette er ei flott gamal naustrekkje med naust av ulik alder og med høg kulturhistorisk verdi. Nausta høyrer også til i det litterære landskapet til forfattaren Jon Fosse, som vaks opp på Fosse.

Tiltak

Naustet med samanrasa tak bør restaurerast. Taket som lek, bør tettast. Det er overgrodd rundt naustrekkja. Rydding vil vera eit viktig tiltak. Naustet som har kledning og tak av eternitt burde fått tradisjonell taktekking og kledning. Eit stort kvitt industribygg står kloss i det nordlegaste naustet. Ein stor blå industricontainer står framfor naustet og hindrar, saman med utfylling i fjøra, kontakten med sjøen. Eit godt tiltak kan vera eit møte med eigarane om korleis samanhengen mellom gammalt og nytt kan betrast.

Kjelder

Munnlege kjelder: Helrun Nernæs, Ingrid Nernæs, Torleif Fosse, Torbjørn Fosse, Hans Fosse.



Stekka

gnr 91 bnr 2 m.fl

Skildring av området

Stekka er ei lun austvend hamn, skjerma mot fjorden av nes og holmar. Her ligg eit innhaldsrikt sjøbruksmiljø med naust og sjøhus tilhøyrande gardane Berge, Tuftå, Hallaråker og Heradstveit.

Tørvikbygd har vore rik på furu- og eikeskog. Ei vassdriven oppgangssag vart bygd i 1823, som sameige mellom gardane i Berge. Med den kunne dei skjera mange bord i full breidde av ein tømmerstokk. Dette var bord som var veleigna til båtbygging. Saga var i vanleg drift til nærare 1950. Nærare sjøen ligg eit meir moderne produksjonsmiljø med dam, sag og skur. Saga er ei elektrisk driven sirkelsag, som var bygd i 1905 som sameige. Den utfylde oppgangssaga ved å ta mindre dimensjonar. Saga vart ombygd til elektrisk drift i 1940, og har vore i drift som attåtnæring fram til kring 2000.

I Stekka vart det bygd båtar og fartøy gjennom mange generasjonar, heilt opp til 1940-åra. Rissesekretet, der dei skar spant, står framleis i Stekka. I skogen står nesten hundre styva eiker, som gjennom generasjonar vart forma for å bli til emne i båtbygging, alt frå båtskant til årekeipar.



Den vassdrivne oppgangssaga.

I Stekka står og to kverner for maling av korn og her er mange naust, nokre kan vera frå 1600-talet.

I samband med kulturvernåret 1975 vart det sett i gang arbeid med restaurering av oppgangssaga og rekonstruksjon/ gjenoppbygging av forfalne naust, i nært samarbeid med grunneigarane og lokale krefter i bygda. Desse arbeida vart finansierte av Riksantikvaren, Norsk kulturråd og Hordaland fylkeskommune. Seinare har det vore fleire rundar med restaurering og vøling av bygningane i Stekka.

Den lune hamna i Stekka.



Tilstand

TG1 – treng vanleg vedlikehald

TG2 – treng naudsynste tiltak

Eigarane i Stekka har vore opptekne av å ta godt vare på husa og miljøet. Det eine naustet har utett tak. Arkitekt Lars Berge har godt oversyn over tilstanden på husa og kva tiltak som bør gjerast.

Planstatus

Ligg som naturområde i kommuneplanen sin areal-del. Heile området ligg i omsynssone for bevaring.

Vernestatus

Området ligg på “gul liste” i kulturminneplanen. Sjøbruksmiljøet i Stekka inngår i Berge landskapsvernområde. Området vart freda i 1984.

Frå verneforskrifta: *Føremålet med vernet er å ta vare på eit område med eit særleg samansett og interessant natur- og kulturmiljø, som omfattar ein lund med gamle, styvva eiketre, eit vatn med interessant sumpvegetasjon og gamle bygningar.*

Verdivurdering

Det historiske miljøet i Stekka er unikt og lite endra. Oppgangssaga representerer ei teknologisk nyvinning, som truleg kom til Norge på 1500-talet og som revolusjonerte tømmerbruken. Med eikeskogen, vassdrivne sager, risseskur frå båtbygginga og naust er dette eit sjeldan komplett historisk miljø som må vernast om for ettertida. Omdanninga frå velstelt eike- og furuskog til ferdig material og sjødyktige fartøy særmerker Stekka.

Tiltak

Stekkakverna treng ei større vøle, grunnmur mot aust sig og kverna heller. Stekkasaga er stort sett i god stand, men taket treng ny tekking. Det gamle sjøhuset treng ny kledning mot vest og bør hevast, for etter stormflo så turkar ikkje golvet opp. Eit naust treng vøling av mur i bakkant og fleire av nausta treng takvøle. På eit av dei er ikkje taket tett. Rydding av vegetasjon kring husa burde også vore gjort. Kaien er bygd og utvida gjennom åra, her var også på eit tidspunkt to beddingar. Ein del stein har sige ut og særleg er hjørna i nordaust dårleg. Eigar ser føre seg å setja kaien i stand med det fyrste.

Dei nye tiltaka, som er gjort i området, er fint gjort og eit godt døme på korleis nye tiltak kan gjerast. Naustet, som det i dag berre er ein samanrasa grunnmur att av, bør kunna setjast opp att, i tråd med det som var der.

Kjelder

Litt om Stekka av Lars Berge. Munnleg kjelde: Lars Berge



Over: Naustmiljø i Stekka. Sjøhuset har tent som tilhald under tak for båtbyggjarane. Det har gjennom åra vore not-hus og lager, tønnefebrikk, og kontor for Stekka skibsbyggeri. Under: Kverna og saga. Lengst under: Tilflytta hus på gamal grunn.



Fonnaland

gnr5 bnr1 m.fl

Skildring av området

På Fonnaland ligg sju naust i ei klyngje ved foten av eit nes, og med strand og båtstøer på både sider av neset. Fire av nausta er lafta, eit naust har tørrmura vegger med lafta omfar over, eit naust er eit grindbygg, og eit er bygd i bindingsverk. Alle nausta har skiferheller på taket.

Fonnaland var frå først av naustplass for Øvre Aksnes gnr. 3 og Fonnaland gnr. 5. Her var då tre lafta naust. Desse nausta kan vera frå 1600-talet. Nedre Aksnes gnr. 4 hadde nausta sine lenger ute på Aksnes, der det var meir verhardt. Etter ein avtale, ein gong på 1700-1800-talet, fekk dei som ynskte det frå Nedre Aksnes, flytta nausta sine hit der det er betre hamn. Fire naust vart flytta.

Av dei sju nausta som står i dag har fire båtstøa mot nord, og tre har båtstøa mot søraust. To av nausta er fellesnaust. Fleire av nausta har vore til nedfalls og er restaurerte. Eit er kopi av det som sto her.

Som elles ved fjorden var det svært viktig for folket på Fonnaland og Aksnes å ha tilgang til sjøen.



Sjøen var vegen, og folk henta seg matfisk i fjorden.

Dei som har naust på Fonnaland har naustrett etter gamal sedvane. Dei betalar ikkje noko for dette, men har rett til å halda i stand og bruka nausta sine. Etter utskiftinga er det gnr 5 som eig grunnen.

Området er privat og framstår privat, ved at gjerdet langs frukthagen går like ned til det sørlegaste nauset, og ein må gjennom ein lukka port for å koma inn til nausta.



Tilstand

TGI – treng vanleg vedlikehald.
Nausta er godt vedlikehaldne.

Planstatus

Ligg i kommuneplanen i område for LNFR -landbruk, natur, friluftsliv og reindrift. Omsynssone bevaring kulturmiljø.

Vernestatus

Ligg på “gul liste” i kulturminneplanen. Ingen vernestatus.

Verdivurdering

Nausta på Fonneland er eit særst fint døme på ei naustklyngje ved Hardangerfjorden. Nausta er lite endra sidan den gong dei var mykje i bruk. Dette framstår som eit autentisk, heilskapleg og intakt kulturmiljø.

Tiltak

Det er fleire feil i heradet sitt eigedomsoversyn. Arne L. Aksnes har teikna eit oversyn over nausta og kva naust som høyrer til kven. Kartet til heradet må rettast opp etter opplysningane frå Arne L. Aksnes.

Området er privat. Frukhagen, som er inngjerda og no går heilt tett på nausta, burde vore trekt noko attende, slik at nausta får ei sone rundt seg utan moderne eplehage og gjerde. Området er privat, men dette særmerkte naustmiljøet høyrer til vår felles kulturarv. Det hadde vore eit pluss for Kvam om interesserte kunne fått vitja dette fine naustmiljøet. Heradet kan ta opp dette i eit møte med eigar av grunnen.

Kjelder

Munnlege kjelde: Arne L. Aksnes



Dette naustet er forma etter terrenget, og har dørhengse av tre.



Skildring av området

I Vikøy ligg 12 eldre naust på rekke nedom vegen, nedanfor kyrkja og prestegarden. Både prestegarden og dei andre gardane i Vikøy hadde naust. Presten hadde det største nauset og den største båten. Han brukte båten dei sundagane han skulle halda gudsteneste i Øystese, og elles når han hadde ærend kringom i bygdene. Gardbrukarane fiska til eige bruk. Det var ein del av næringsgrunnlaget like til i 1950-60-åra. Det var mykje fiske i januar/februar. Dei fiska sei på grunna utanfor Aksnesholmane og torsk som gytte på Lialandet og Kaldestadhavet.

Fjøra ved nausta var også landingsstad for kyrkje-folket. Når det var gudsteneste kom båtar med folk frå heile kyrkjesoknet til Vikøy. Gjennom mange hundre år, og like fram til det kom vegar, drog dei båtane sine opp her ved nausta. Nauset nord for prestegardsnauset har vore brukt til å setja inn hestane til kyrkjefolk som kom med hest og kjerre. Det var vanleg at kyrkjefolket flidde seg og hengde frå seg reiseklede i nausta, og dei sat gjerne på steinane i fjøra for å eta nista si etter kyrkjetid.

Nausta til gardsbruka på Fosso og på Tveit står på eigande grunn. Det same gjer prestegardsnauset, som no er eigd av Opplysningsvesenets fond (OVF).

OVF vart oppretta for å forvalta eigedom og verdiar som historisk har vore knytt til prestegardane i Noreg. Fondet eig dermed området der dei fleste andre nausta står. Somme nausteigarar har fått kjøpa grunnen under nausta, og eit naust er flytta hit frå Tolo. Dei andre nausta står på bygsla grunn, og dei som eig nausta må betala årleg festeavgift til OVF. Då festeavgifta i 2012 vart auka frå nokre hundre kroner til mange tusen i året, var det fleire som sa opp festeavtalen. Det har ført til at naust har forfalle. Nauset som er mest forfalle, har ei halvtekkje ved sida. Denne halvtekkja er eit naust som står på eigande grunn. Dersom OVF ikkje restaurerer nauset som er mest forfalle, og det ramlar saman, vil halvtekkje-nauset ramla og.

Naustrekkja ligg i eit område med mange kulturminne. Nord for nausta ligg Byrkjelandsaga, som var i bruk frå 1700-talet. Bortanfor den, på Blyberg, ligg forhistoriske gravrøyser og offergroper. Sør for nausta står bygningar etter butikk, trykkeri og sjøbu, og på sørsida av kyrkjegarden ligg eit gammalt skulehus. Prestegarden i Vikøy inneheld til saman 13 bygningar. 11 av dei er freda etter kulturminnelova, ein av dei er prestegardsnauset. Kunstnaren Adolph Tidemand måla menneske, landskap og bygningar i Vikøy på midten av 1800-talet. Måleria er vel kjende både nasjonalt og internasjonalt.



Tilstand

Her er naust i alle tre vedlikehaldskategoriane: TGI, TG2 og TG3. Strakstiltak trengst på naustet som står til nedfalls. Det er eigd av OVF. Fleire av nausta er restaurerte, men alt arbeidet er ikkje like bra gjort. Tilstanden på nausta er varierende, fleire er bra vedlikehaldne og er i bruk, medan andre ber preg av lite bruk og manglande vedlikehald. Fleire naust står tomme.

Planstatus

Regulert til "Bevaring av bygningar og anlegg". Nausta ligg i grøntstruktur i kommuneplanen og viser omsynssone bevaring kulturmiljø.

Vernestatus

Området ligg på "gul liste" i kulturminneplanen. Eit naust er freda. Det gjeld det store naustet som høyrer til prestegarden.

Verdivurdering

Kulturmiljøet er samanhengande. Naustrekka er rekna å ha nasjonal verdi. I landskapsrommet ligg naustrekka like nedom kyrkja og prestegarden med dei freda bygningane. Sagbruket er sett i stand på opphøveleg grunn. Kulturminna ligg tett i Vikøy, noko som gjer at opplevingsverdien er høg. Vikøy er eit samanhengande, heilskapleg kulturmiljø med stor tidsdjupne, som spenner frå jernalder til mellomalder og nyare tid.

Tiltak

Kvam herad bør, saman med Vestland fylkekommune og nausteigarane, ta initiativ til eit møte med OVF for å drøfta forvaltninga av naustrekka, og sjå om det kan finnast ei form som er meir tenleg i dag. Vidare er det viktig å få i gang restaurering av naustet som er til nedfalls. Det kan etablerast ein kultursti med skilt, som fortel om kulturmiljøet i Vikøy, og lagast samband mellom prestegarden, saga og området ved Blyberg. Slik kan det fine kulturmiljøet i Vikøy og badeplassen på Blyberg koma til sin rett og bli til ein attraksjon for Kvam.

Tett på naustrekka i nord står det ein blå container. Denne passar ikkje saman med naustrekka. Eit godt tiltak kan vera eit møte med eigar om korleis samanhengen kan betrast.

Kjelder

Statens vegvesen: Reguleringsplan Rv.49 Vikøy – Norheimsund, Vurdering av kulturminne

Munnlege kjelder:

Knut Åge Vikøy, Torbjørn Vågen, Leif Sørheim, Gro Breidvik.



Hardangerjakta “Mathilde”

gnr 10 bnr 81

Skildring av området

Segljakta “Mathilde” vart bygd av Ole H. Nerhus i Kvinnherad i 1884. Fartøyet er 75 fot lang og har gaffelsegl. I mange år gjekk “Mathilde” i nordlandsfarten, der ferdakarar kjøpte opp skrei i Lofoten og i Finnmark. Fisken vart salta og turka, og seld i Bergen og Kristiansund som klippfisk. Gjennom åra fekk “Mathilde” fleire ulike eigarar langs kysten og gjekk i ymse slags fraktefart. I 1938 vart fartøyet rigga ned, og styrehus og motor vart installert. Motoren var ein Wichmann 50 Hk.

I 1950 bytte jakta namn til “Kari Louise”, og ho fortsette som fraktefartøy langs kysten. I 1982 vart ho lagt ut for tvangssal. To år seinare vart jakta kjøpt av den nystarta stiftinga Hardangerjakt i Norheimsund, som byrja som eit sysselsetjingstiltak for ungdom. No fekk ho tilbake namnet “Mathilde”.

Stiftinga, som seinare bytte namn til Hardanger fartøyvernssenter, vart etablert i 1984 for å restaurera fartøyet tilbake til slik det hadde vore som segljakt. Etter 5 år og 50 000 arbeidstimar kunne “Mathilde” sjøsetjast i 1989.

Kvar vår og haust gjennom åra har “Mathilde” vore flytande leirskule. Tidleg vår og sein haust har ho gått museumstokt med utstillingar og kulturprogram. Om sommaren har ho segla vekestokt med ulike grupper. “Mathilde” vert og hyrt for kortare og lengre turar. Maks antall personar ombord er 50, og 28 om ein skal overnatta. Gjennom meir enn 30 år har born, ungdom og vaksne fått oppleve kystkulturen på kroppen, ombord på “Mathilde”.

“Mathilde” er den einaste hardangerjakta og ei av svært få museumsfartøy med fast mannskap: skippar, bestmann, kokk og lettmatros. Det betyr at ein gjennom drifta og vedlikehaldet sikrar kunnskapen om å segla - sjømannskap.

Når “Mathilde” er i heimehamna, ligg ho i Norheimsund, utanfor Solheimsverkstaden som sidan 1984 har vore sjøhus og verkstad for “Mathilde” og kontor for fartøyvernssenteret. Tidlegare var dette Solheim møbelfabrikk. Dei to kvite husa bak verkstaden var bustadhus for huslyden Solheim, som dreiv verkstaden, og hus for dei som arbeidde i fabrikk. Solheimsverkstaden er på gul liste under Industrierarv (Kulturminneplanen s.72).



Tilstand

TGI – Treng vanleg vedlikehald.

Både “Mathilde” og Solheimsverkstaden med bustadhus er i god stand.

“Mathilde” har nyleg hatt ei omfattande overhaling.

Planstatus

Solheimsverkstaden ligg i område for offentlig eller privat tenesteyting i kommuneplanen, og i omsynssone for bevaring av kulturmiljø.

Vernestatus

Området ligg på “gul liste” i kulturminneplanen. Riksantikvaren har gjeve “Mathilde” status som verneverdig skip.

Verdivurdering

“Mathilde” er ein god representant for hardangerjaktene, som det fanst mange av her i fjorden på slutten av 1800-talet.

“Mathilde” er den einaste hardangerjakta som framleis finst i Hardanger.

Solheimsverkstaden med bustadhus er ein god representant for møbelindustrien, som har vore så viktig her i området.

Frå Askeladden: «Mathilde» er en god representant for de seilende frakteskibene som ble brukt både innenriks og delvis utenriks. Jaktens alder, autenticitet og opprinnelige funksjon gjør «Mathilde» svært interessant i verne-sammenheng. Følgende periode legges til grunn for vernearbeidet: i perioden som originalt frakteskib (1884-1938). (Askeladden er Riksantikvarens database over freda kulturminne og kulturmiljø.)

Tiltak

“Mathilde” har fast lønna mannskap som tek hand om drift og vedlikehald. Dei har nyleg hatt ei omfattande overhaling av fartøyet.

Kjelder

Vestland fylkeskommune

Hardanger fartøyvernssenter v/ Silje Ensby





Skildring av området

Grove, sentrum i Norheimsund, var naustplass for garden Sandven (uttalast Sandve på Kvamma-mål), og for gardsbruka i Steinsdalen. Dei første nausta i Grove vart bygde alt på 1200-talet, kanskje før. Fram mot 1500-1600 kom det mange fleire naust. Det var med nausta det byrja, og etter kvart kom handel, dampskipsanløp, post og bank mm. Mange av nausta vart etter kvart rivne for å gje plass til hotell, handel og anna, etter som handelsstaden utvikla seg.

Dei fire nausta, som framleis ligg her, ligg nedanfor det gamle Sandven-tunet og høyrer til gardsbruka på Sandven. Her er eit lafta naust, to som er bygde i grindverk, og eit som er i bindingsverk. I det lafta naustet låg kyrkjebåten. Me ser dette naustet lengst til høgre på bilete under, samt heilt til venstre på biletet over.

Over: Norheimsund i 1892 med 16 naust og 6 sjøhus. Norheimsund er ei god hamn. Foto: Axel Lindahl

Tradisjonelt brukte Sandve-gardane naust og båt når dei skulle henta seg matfisk og når dei skulle til kyrkje. Ved eit skifte mellom to systre i 1497, fekk systema, som vart gift til Sandven, rettar til helleura i Sollesnes. Dei på Sandve tok ikkje sjølve ut heller, men fekk berglott frå folk som tok ut stein frå ura. Dei rodde/segla bort for å henta sin berglott. Elles tok dei i ura ut murstein til eigne husgrunnar. Dei tok ut tømmer frå den gode furuskogen i ura, og lind, som dei laga bastetau av. Emne til hesjastaur fann dei og der borte. Heller til eige bruk fekk dei som bergalott, eller kjøpte dei av folk som arbeidde i ura. Gardane på Sandve selde ikkje heller sjølve, men dei hadde ein viss velstand pga utkome frå ura. Det blei mange turar med båt over fjorden.



Steinabryggjo er bryggja nedom nausta. Frå først av var dette ein lafta kasse fylt med fjørestein, som det var lagt heller oppå. Den var ikkje murt av stein, slik ein kunne tru av namnet. Den kan ha fått dette namnet fordi nausta til garden Steine i Steinsdalen først låg her. Flyttinga av nausta kjem fram av eit diplom frå 1200-talet frå ein rettsprosess mellom Peter på Sandvin og Svein på Steine. Grunnen til flyttinga var at, medan folka på Steine var til kyrkje, hende det at hestane deira beita i kornåkeren til Sandven. Den låg like bak nausta. Sandve-mennene ville ha hestane lenger vekk frå åkrane sine. Dette vart løyst ved at Steine flytta nausta til fjøra nedanfor Straumhaugen. Som vederlag for flyttinga fekk Sandven stølen Mødal og heimel på stølsmarka, der dei mellom anna kunne hogga ved. Framleis er det sjøeigedomar i Grove som har gardsnummer frå Steinsdalen.

Tilstand

TGI – treng vanleg vedlikehald
Nausta er i god stand.

Planstatus

I kommuneplanen er naustrekkja delt mellom sentrumsføremål og “andre typar bebyggelse og anlegg”. Naustrekkja ligg i omsynssone for bevaring.

Vernestatus

Ligg på “gul liste” i kulturminneplanen.

Verdivurdering

Den mange hundre år lange historia med Norheimsund som naustplass, og desse fire nausta som siste rest av ei lang naustrekkje, gjer at det er viktig å ta vare på desse nausta. Eit pluss er at dei ligg langs strandvegen, som er open for gåande og syklande.

Tiltak

Naustet, som no har papp på taket, burde fått hellene opp att.

Kjelder

Gunvor og Ole Storaas:

Me trekkjer trådar attende i tida nr 1 (1975) og 6 (1985)

Lars J. Vikør: *Hardanger Historielags tidsskrift 1946-1956*

Munnlege kjelder:

Bård Sandven, Borghild Storaas Ones




Skildring av området

Småbruket Holmsund ligg innanfor Vallandsholmane, ved innlaupet av sundet som går inn til Norheim-sund. Her ligg bustadhus, eldhus, båtbyggjarverkstad, naust, hønsehus, murar etter ei løe og etter eit strandsitjarhus. Dette har vore eit typisk småbruk langs fjorden, der folket har dyrka og halde husdyr, og i tillegg drive med andre næringar.

Dei første me veit budde i Holmsund, var Sjur Larsson Norheim med familie. Han var båtbyggjar og snikkar. I året 1878 kjøpte dei jorda og bygde bustadhus, eldhus og verkstad. Sjur dreiv som båtbyggjar her i verkstaden fram til 1892. Då gjekk han konkurs og dei måtte gå frå eigedom.

Jakteskipper Kristoffer K. Sollesnes med familie kom til Holmsund i år 1898. Dei bygde løe/ fjøs, naust og hønsehus, og utvida bustadhuset. Han dreiv med torskeoppkjøp i Nord-Noreg og seinare med brislingfiske i fjorden. Dei dreiv også småbruket med frukttre, bærbuskar og grønsaker, og hadde to kyr, gris, geit og høns.

Dottera Anna Julie Sollesnes overtok eigedom i 1950-åra. Ho og mannen dreiv småbruket vidare. Han hadde også arbeid på Bjølvefossen i Ålvik.



Holmsund i 1955.

Den norske staten kjøpte småbruket Holmsund til offentlig friluftslivområde i 1993. Kvam herad har ansvar for forvaltinga og samarbeider med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) om tilsyn og stell. Området er mykje brukt om sommaren til bading, soling, grilling, ballspel og leik.

Kvam herad har bygd parkeringsplass, sett i stand muren mot sjøen og bygd offentlege toalett. Nedre Valland-Nes grendelag samarbeider med heradet om å restaurera båtbyggjarverkstaden.



Tilstand

TG1 – treng vanleg vedlikehald

TG2 - treng naudsynte tiltak

Båtbyggjarverkstaden vil vera ferdig restaurert i laupet av 2022.

Planstatus

Ligg som friområde i kommuneplanen. Området ligg innafor omsynssone bevaring.

Vernestatus

Ligg på “gul liste” i kulturminneplanen.

Verdivurdering

Hordaland fylkeskommune 1996:

Dette heilskaplege og autentiske småbruket/ sjøbruksmiljøet har høg verneverdi. Det har si historiske tilknytning til båtbygging og jaktefart frå hundreårsskiftet. Jordbruket kunne sjeldan gje levebrød aleine, og folk hadde ulike attåt- eller sidenæringar. Området fortel om nøktern levemåte og byggeskikk i førre århundret. Riksantikvaren si aukande fokusering på arbeidsfolk/ “vanlege folk” sin kultur og byggetradisjonar har gjort at t.d. slike sjøbruksmiljø i dag høyrer til prioriterte satsingsområde for kulturminnevernet.

Hordaland fylkeskommune 2009:

Hordaland fylkeskommune meiner bygningane på garden Holmsund i høg grad er bevaringsverdige. Bygningsmassen på garden er ein del av eit heilskapleg gardsmiljø som det er få attverande døme på, og ikkje minst er garden ein estetisk opplevingsfaktor i kulturlandskapet. Garden med dei små og funksjonsdelte husa representerer ein viktig del av bygnings- og kulturhistoria i Kvam.

Hardanger og Voss Museum 2018:

Båtverkstaden er eit viktig kulturminne både lokalt og regionalt.

Tiltak

Taket på bustadhuset må vølast, vindauge med karmar bør bytast. Bustadhuset og eldhuset treng delvis ny kledning, samt å målast. Naustet bør målast.

Kjelder

Nedre Valland-Nes grendalag
ved Randi Storaas



Soget, Fitjadalen

gnr 44 bnr 1 m.fl

Skildring av området

Fitjadalen var i eldre tid vanskeleg å nå fram til. Kom ein frå bygda, ville ein på båe sider av vatnet treffa på bergalag som stupte seg bratt ned i vatnet. Ingen kunne koma inn den frodige dalen utan å gå lange omvegar, om ein ikkje hadde båt. Dette er bakgrunnen for nausta ved Soget. Båtar og naust her ved utlaupet av Fitjaldsvatnet gjorde det lettare for gardbrukarane å hausta av ressursane i Fitjadalen og innover i fjellet.

I tidlegare tider vart heimebøen brukt som åker og kornland, medan dyreforet vart henta heim frå utmark og fjell. Truleg var Fitjaldsfetet og Kvannvik stolar frå fyrst av, men graset her var verdifullt som slåttemark og folk flytta stolane lenger inn i fjellet og slo grasslettene i staden. I Fitjadalen slo dei på Fetet nord for vatnet, i Lauvvik og Kvannvik vest for vatnet, og elles der det var gras og anna å finna. Dei slo graset også i dei brattaste fjellskorer, der bufe ikkje kunne beita og slåttefolk gjekk i tau og stigar for å nå fram. Alt som kunne nyttast som vinterfor, vart teke vare på. Det kunne vera fjellgras frå myr og li; bregner, bork, skav, kjerv og lyng.

Braut dei kjerv, førde dei foret ned til Soget og lagra det i nausta. Om haustane kunne det liggja på tusenvis med kjerv på naustskukkane. Når isen var køyrande henta dei høyet frå Fetet, og Lauvvik/Kvannvik og køyrde det heim på snøføre. Bruka på Øystese henta i gjennomsnitt over 50% av foret frå utmark og fjell kring midten av 1800-talet. I 1867 henta dei til saman 545 lass gras frå Fitjadalen. Dette vart køyrt heim med hest og slede. Dei som ikkje hadde hest drog høyet heim på kjelke. I tillegg kjem lyng, lauv, mork og kjerv. Fjellet var også ei kjelde til mat, og vart brukt som fiske- og fangsstad. Det var fastbuande folk på Blekeld i perioden 1845 - 1893. Dei brukte vassvegen og hadde naust ved Soget.

Ved Soget ligg det gamle naust på båe sider av elva. På austsida ligg nausta til bruca på garden Øystese. Dei gamle nausta har høg grunnmur. Fem av dei er lafta og to er i bindingsverk. Småbrukarane betalte ei symbolsk bygselsavgift då dei ofte hadde omskiftande slåtteteigar og dermed bygde opp nausta sine med høyloft og rodde høyet ned dit om som-maren. Lengst sør står nokre naust, som er bygde etter 1945 av hyttefolk.



På vestsida av Soget står fire naust som høyrer til gardane Vik og Mo. Desse er bygde i grindverk og i bindingsverk. Det største naustet høyrer til fire bruk på Mo. To av dei hadde båtane sine oppe, dei to andre hadde båtane nede. To av dei andre nausta er også eldre naust som tidlegare høyrde til gardsdrifta. No er det hyttefolk som brukar dei.

Bruka på Mo har stølshusa sine i Lauvvik. Dei brukar framleis båtane sine om somrane, og har avtale om at dei kan leggja båtane på austsida av Soget, sidan det er der bilvegen går. Naustet på vestsida brukar dei berre til vinteropplag for båtane. Til kring 1950 rodde dei mjølka frå stølen i Lauvvik til Soget, der spanna vart køyrt med hest og kjerre ned til meieriet i Øystese. Men på denne tida hausta dei ikkje lenger gras og anna for, slik dei hadde gjort tidlegare.

Brukarane i Fitjadalen arbeidde fram stiar for folk og dyr før bilvegen kom. Bilvegen til Soget var ferdig i 1946. Veggen vidare til Fetet var ferdig i 1961.

Tilstand

TGI - treng vanleg vedlikehald

Dei fleste nausta er i god stand. I 1990-åra var Kulturminnelaget pådrivar for restaurering av dei gamle nausta ved Soget. Fleire av nausta fekk vølt taka og somme fekk nytt laft.

Planstatus

Ligg i kommuneplanen som landbruk, natur, friluftsliv og reindrift. Omsynssone bevaring kulturmiljø.

Vernestatus

Ligg på "gul liste" i kulturminneplanen.

Verdivurdering

Naustmiljøet her er av høg kulturhistorisk verdi. Her er naust frå ulike tidsperiodar og av ulik type. Naustmiljøet fortel om den tid det ikkje var veg, og bruk av båt gjorde det lettare å nå inn til dei rike og viktige ressursane i fjellet.

Tiltak

Dette autentiske kulturmiljøet bør vidareførast slik det er i dag. Det vert best tatt vare på om det ikkje kjem nye bygg og installasjonar.

Kjelder

Ættarbok for Kvam 4

Boka Folket og fjellet av Samson Bjørke

Munnlege kjelder: Even Øyri, Fredrik Øyri, Bjarte Vik-Mo



Skildring av området

Nausta ligg i Laupsafjóra nedom gardsbruka på Laupsa, ei sørvend vik med fin sandstrand. Fire naust ligg på rekkje i vest og eit naust ligg lenger aust. Laupsafjóra var naustplass for Laupsa, Tveite, Hellesveit og Skarpen. Dei ulike bruka dreiv heimefiske i alle fall fram til i 1950-åra. Tidlegare var fleire på Laupsa med i nordlandsfarten og frakta torsk sør- over frå fiskefelte. Eit fartøy vart bygd her i fjóra med innleigde folk frå Kvinnherad. Fartøyet vart sjøsett kring 1870.

Naustet til høgre for det kvite huset på biletet under, er eit grindbygg, som er sameige mellom to brukarar. Så kjem eit lafta naust, som vart restaurert kring år 2000. Det neste naustet, det største, er eit grindbygg med halvtekkje. Her er det og to brukarar. Naustet lengst til høgre av dei fire nausta er eit nyare naust i bindingsverk. Lenger aust i fjóra står eit kvitt bustadhus på grunnen av eit tidlegare garveri (sjå bilete på neste side). I garveriet garva dei skinn og laga klogger med lær og trebotnar. For å utvida området vart det bygd ein betongplattung framfor huset. Oppå her sto svære eiketønner med

kjemikaliar som fjerna feitt og hår frå skinna. Garveriet var i drift til i 1960-åra. Dei hadde og nothengja i fjóra, og kasta etter makrell om haustane. Forbi det kvite huset og lengst aust i fjóra ligg eit eldre staseleg naust med tørrmura vegger. Somme av steinane er svært store. Dermed har ein i Laupsafjóra dømme på naust med tørrmura vegger, lafta naust, grindbyggde naust og naust i bindingsverk.

Tilstand

TGI - treng vanleg vedlikehald

Alle nausta er i god stand. På naustet lengst mot vest er hellene tatt ned og erstatta av bølgeblekk.

Planstatus

Ligg i kommuneplanen som «nærmere angitt bebyggelse og anlegg». Ligg i omsynssone for «bevaring kulturmiljø». Naustområdet er ikkje regulert.

Vernestatus

Ligg på "gul liste" i kulturminneplanen.

Under: Til høgre ser med fire av dei fem nausta på Laupsa.





Verdivurdering

Nausta her er typiske for området og dei er av kulturhistorisk verdi. Kommunen leiger sandstranda i Laupsafjæra til offentlig badeplass. Dermed får mange sjå desse nausta. Like bak nausta er det hytteutleige. Her kjem folk frå mange land, som får oppleva dette fine naustmiljøet.

Tiltak

Naustet lengst mot vest i naustrekkja kunne fått opp att helletak.

I ny reguleringsplan er badeplassen utvida mot aust. Her ligg ei svært fin sandstrand, samt naustet med steinvegger med fleire svære steinar. Det kvite bustadhuset og betongplattingen, som stikk ut i sjøen, er ei stengsle mellom noverande badestrand og badestranda lenger aust der naustet med steinmur er. I ny reguleringsplan er tilkomst vist på baksida av bustadhuset. Det bør skiltast ved betongplattingen om kor ein kan gå.

Kjelder

Munnlege kjelder:
Magne Laupsa
Arne Johan Laupsa

Over og over til venstre: Det lafta naustet.

Under: Naustet lengst aust i fjæra.

Nedst: Det kvite bustadhuset, som står på grunnen av det tidlegare garveriet.



Skildring av området

På austsida ytst i Fykkesundet i ei sørvend vik ligg Steinstø. Her låg fem naust, tilhøyrande gardane Steinstø og Bjørke. Alle fem nausta hadde naustlem, ein andre etasje. Om vintrane sat karane på naustlemmane her og laga hatleband/ tønneband. Desse vart selde til tønnefabrikkane lenger ute i fjorden og på kysten. Hatlebanda vart brukte til å halda tretønnene saman. Kvam har mykje god hatl, som eigna seg til tønneband, og på mange gardar laga dei hatlaband for sal.

Det hende at folk overnatta på naustlemmane her, og til tider har det vore folk som har budd oppå nausta. Folket på gardane fiska, stundom sette dei line. Båtane vart sette ut ved bruk og tatt inn att etter bruk.

Naustet som er på gul liste høyrer til to av bruka på Bjørke. Naustet er nemnd i utskiftingspapira i 1928, men er truleg ein del eldre. Det er lite endra. Naustet har mura veggjer i første etasje og bindingsverk i andre. Hellene er tatt ned og er erstatta av plater.



Over: Steinstø i 1920. Me ser fem naust på rekkje. Alle med andre etasje. Foto: Torstein Lofthus, Universitetsmuseet i Bergen.

Huset på vestsida av naustet er eit bustadhus sett opp på ein gamal naustgrunn for garden Steinstø. Aust for naustet står berre grunnmuren att etter naustet som sto der. Treverk og tak vart dårleg og vart rive i 1950-åra. Eigar har ynskt å setja opp ein kopi av naustet som sto der, men har ikkje fått løyve til det. Huset på austsida av denne grunnmuren er eit bustadhus, som er sett opp på ein gamal naustgrunn for Bjørke. Det femte naustet, som låg lengst mot aust er vekke.



Tilstand

TG1 - treng vanleg vedlikehald

TG2 - treng naudsynte tiltak

Taket, som er av plater, er tett, men her er sunde vindauger. Det er lenge sidan hellene vart tatt ned og dei er brukt til andre føremål. På 1980-90-talet fekk naustet ny kledning.

Planstatus

Kommuneplanen viser bustadområde. Omsynssone bevaring på eit av nausta, gjeld gnr 71 bnr 2.

Vernestatus

Eit naust på “gul liste” i kulturminneplanen.

Verdivurdering

Naustet som er på “gul liste”, er lite endra og verd å ta vare på. Naustmiljøet elles er mykje endra. Av dei andre fire nausta som sto her, er eit vekke, eit er det berre grunnmuren att av og to er bygde om til bustadhus. Fleire liknande naust med andre etasje finst i Kvam i meir intakte kulturmiljø.

Tiltak

Naustet treng naudsynt vedlikehald. Det treng nye vindauger og det ville vore fint om det fekk helletak, slik det tidlegare hadde. Dersom eigar av grunnmuren på sida, på nytt vil søkja om å få setja opp kopi av naustet som sto der, så vil det vera mogeleg å byggja opp att naustet på eksisterande murar. Kulturmiljøet, som var her, ville med dette blitt litt meir intakt.

Ved rullering av kulturminneplanen bør det vurderast om naustet på “gul liste” vil vera godt nok sikra gjennom å vera i omsynssona for kulturlandskap.

Kjelder

Munnlege kjelder:

Steinar Bjørke

Arne Bjørke



Skildring av området

Eit spesielt naustmiljø ligg nedom vegen nordaust for busetnaden i Vikedal, eit enkelt avlangt hus med 19 doble naustdørar. Folk kunne flytta inn i eigne hus i Vikedal frå 1950. Nausttrekkja vart bygd i slutten av 1950-åra. Funksjonærar og arbeidarar som var interesserte i båt og sjø, fekk her setja seg opp naust på eigen kostnad på Bjølvefossens grunn. Huset har støypt grunn. Tak, bakside og sider er av reisverk med bylgjeblekk, medan fronten er kledd med trepanel. Naustet har pulttak.

Folk fiska til matauk og bruka fritid på sjøen. Båtane låg for ile/ bøye, eller vart tatt inn etter bruk. Vinden tek godt i Vikedal. I 1960-åra vart det bygd molo på Skjeret i Ålvik. Mange av båtane fekk då båt plass innanfor moloen, og nausta i Vikedal vart brukt til vinteropplag. Ved nausta var det aktivitet haust og vår med båtpuss og forbetringar.

Store steinar ligg nedom nausta. Dei har ein funksjon ved å ta av for vind, men gjer det sleipt og vanskeleg å føta seg og å få båtane ut og inn.

Det er lågt under taket i nausta, mange av dei har berre rom for småbåtar. Fleire av nausta ser ut til å vera lite i bruk. Mange som i dag er interessert i båt og sjø, har båtane sine i båthamna i Ålvik, der dei kan liggja innanfor ein molo året rundt, eller på tilhengjar i hagen om vinteren. Bjølvefossen, som eig grunnen, har diskutert status for naustrekka og oppmoda om vedlikehald. I seinare år har naust-eigarane hatt dugnad, og mange av nausta er vølte og målte.

Mange av nausta har fylgd husa i Vikedal. Frå først av var det slik at dersom nokon ville overdra nausta sine til andre, måtte dei ha godkjenning frå Bjølvefossen, for å sikra at det var innbyggjarar i Vikedal og Ålvik, som fekk ha desse nausta. Seinare har Bjølvefossen mist oversynet, og overdragingar av nausta har levd sitt eige liv. I samband med dugnadsarbeidet laga nausteigarane ei eiga facebookgruppe: Naustrekka i Vikedal. Her er det oversyn over eigarar. Kvam herad har fått dette oversynet.



Tilstand

TG1 - treng vanleg vedlikehald

TG2 - treng naudsynte tiltak

Tilstanden på nausta er varierende. Nokre ser ut til å vera i god stand, medan andre forfell.

Ein flaumbekk går under nausta.

Planstatus

I kommuneplanen er området vist som bustadområde, og som omsynssone bevaring kulturmiljø.

Vernestatus

Ligg på “gul liste” i kulturminneplanen.

Verdivurdering

Naustrekka i Vikedal, som i dag er vel 60 år gamal, er eit godt døme på korleis industri-selskapet la til rette for at folk i industristaden skulle kunna koma seg på sjøen og driva med interessene sine i fritida, mellom anna fiske til husbruk. Det er fleire liknande naust langs sjø-lina i Ålvik. Naustrekka i Vikedal er den største. Nausta her er bygd for fritidsaktivitetar, i mot-setnad til alle andre naust på “gul liste” i Kvam, som er bygde fordi dei var naudsynte for leve-måten. Naustrekka i Vikedal er representant for ei ny tid med fritidsbruk av fjorden, og er vel verd å ta vare på.

Tiltak

Heradet bør registrera kven som er eigarar av nausta, etter info frå Eli Dahle og facebook-grup-pa: Naustrekka i Vikedal.

Nokre av nausta treng vedlikehald og måling.

Eigarane har planar for dette.

Folk vil gjerne ha nausta sine, men det er vanske-leg å få båtane ut og inn. Få av skinnegangane er intakte, og store sleipe steinar gjer det vanskeleg å føta seg utanfor nausta. Kvam herad kunne ha skipa til eit møte, saman med Bjølvefossen og nausteigarane, om naustrekka, der ein tenkte framover og diskuterte moglegheiter.

Kjelder

Bjølvefossens arkiv

Eva Røyrane: Fabrikkbyane i Hardanger

Munnlege kjelder:

Arild Rykkje, Bjølvefossen

Birger Vikane/ Kjell Åge Vikane

Kåre Johnny Flotve

Egil Mo

Eli Dahle



5. Vurdering av verneverdi

I Kvam herad sin kulturminneplan frå 2017 står det at heradet har valt å fokusera på kulturmiljø som er sjeldne, som er representative, som har høg alder, som har autentisitet, og som folk har identiteten sin knytt til. I tillegg bør dei ha eit brukspotensial for verdiskaping eller næring, samt vera eigna til pedagogisk formidling.

Alle naustmiljøa som kom med på “gul liste” i 2017, er av høg kulturhistorisk verdi, og fortener sin plass på lista. Naustet i Steinstø, som også står på lista, ligg i eit miljø som er ein god del endra. Naustet er verd å ta vare på, men det merkar seg ikkje ut frå mange andre liknande naust ved fjorden. Det ligg

ved innlaupet til Fykkesund, som er med i kulturminneplanen som spesielt verdifullt kulturlandskap. Det ligg dermed alt i ei omsynssone for kulturmiljø, som det er verd å verna om. Difor bør det vurderast, ved rullering av kulturminneplanen, om dette naustet kan takast ut av “gul liste” for naustmiljø.

I tillegg har Kvam mange naust som ligg for seg sjølve eller i båtstøer med få eller fleire naust, som har høg kulturhistorisk verdi og som bør vurderast for plass på “gul liste”. Her er også fleire båtbyggingsverkstader og båtbyggingsmiljø av høg verdi, som bør vurderast for plass på lista.

Forslag til generelle retningslinjer

Her kjem forslag til generelle retningslinjer utarbeidd i samråd med bygningsvernkonsulent Anne Lise Brask Eriksen frå Vestland fylkeskommune/Hardanger og Voss museum. Me har saman gått gjennom alle foto tekne i samband med denne rapporten og er samde om fylgjande tilrådingar:


Nausta med tørrmura vegger og lafta omfar over, bør leggjast i omsynssone og takast vare på for framtida. Desse høyrer til dei eldste nausta. Dei kan vera frå 1700-talet eller eldre og det er ikkje så mange av dei (sjå dei to bileta nedst).

Under: Naust i Vangdal, med vegger i tørrmur, lafta omfar over. Til høgre øvst: Dette lafta naustet står ved Grasvika, Ålvik. Til høgre nedst: Naust innanfor Austmannaholmen, Tørvikbygda, med vegger i tørrmur og lafta omfar over.

Nausta som er lafta bør leggjast i omsynssone og bli tekne vare på for framtida. Desse høyrer også til dei eldste nausta, og kan vera frå 1700-talet eller eldre. Det er heller ikkje så mange av denne typen (sjå biletet under).



I tillegg til lafta naust og naust med tørrmura vegger og lafta omfar over, så står ein del eldre naust, som er grindbygde eller i bindingsverk, nedanfor gardsbruka langs fjorden. I somme båtstøer er det berre eit naust (einstø), somme stader to eller fleire. Desse er viktige element i landskapet. Dei knyter oss til historia og minner oss om korleis kvemmingane før oss hadde det, den gong sjøen var vegen. Desse eldre nausta bør takast vare på. Dei bør ikkje bli innebygde, men få behalda landskapsrommet rundt seg. Dei bør leggjast i omsynsone. Her ser me nokre døme.



Øvt til høgre: Naust aust for Vedanes nedanfor Tveit, Ytre Ålvik.

Over: Naust på Augastad i Tørvikbygd.

Til høgre: Naust på Linga, innanfor Lingaholmen. I dette naustet har det vore bygd båtar. Naustet er nyleg restaurert.



Der det er “hol” i ei naustrekke, der eit naust er vekke, må det vurderast om det kan setjast opp naust med same material, form og funksjon. Det må harmonera, passa inn i høve til det som var. Gode døme finn me i Stekka.

Dei to husa til høgre er flytta til Stekka og sette opp på gamle grunnar. Dei glir fint inn i det eksisterande miljøet. Naustet lengst til høgre sto før til forfalls i Eidesvågen, sjøhuset til venstre for naustet, var tidlegare ei lemsstove som sto i Tørvika. Dei to husa kompletterer miljøet som tidlegare var i Stekka.



Alle sjøbuene som har vore krambuer og lagerhus, og som står med fronten ut i sjøen, har høg verdi og bør få omsynssone rundt seg.



Over til venstre: Sjøhus på Fosse.
Til venstre: Sjøhus i Øystese.
Over til høgre: Sjøhus på Mundheim.
Over: Sjøhus på Rykkje .

Det er fleire offentlege friområde langs fjorden. Det vil vera av verdi for ettertida å ta vare på dei tradisjonelle nausta og husa i desse områda. Desse bør leggjast i omsynssone.



Over: Utsyn frå friområdet Småholmane mot Omaholmen.

Over til høgre: Eldhuset, båtbyggjarverkstaden og naustet i friområdet Holmsund.

Til høgre: Naust like ved rasteplassen Tyrveffjora i Ålvik.

Under: Nausta, som ligg like nedanfor Strandebarmsheimen på Børsheim, gjer nærmiljøet rikare for dei eldre.



Korleis behandla dei tradisjonelle nausta i tettbygde strok? Dei spreidde nausta er i faresona på grunn av utbyggingspress. Desse nausta har verdi og bør takast vare på. Dei fortel om tidlegare tider.



Over: Lafta naust på Norheim, Norheimsund.

Til venstre: Hansanaustet i Tørvikbygd.

Under: Lafta naust i Øystese. I dag er truleg dette naustet det einaste eldre naustet som er att i Øystese sentrum, der det tidlegare var mange naust. Det bør restaurerast.



Oppsummering

Her kjem ei oppsummering av dei ovanfor nemnde tilrådingane.

Følgjande naust bør få omsynssone:

- naust med tørrmura vegger med lafta omfar over
- lafta naust
- naust i tradisjonelle landskapsrom
- sjøhus
- tradisjonelle naustmiljø ved friområde
- tradisjonelle naust i tettbygde strok

Der det er "hol" i ei naustrekke, der eit naust er vekke, må det vurderast om det kan setjast opp naust med same material, form og funksjon. Det må harmonera, passa inn i høve til det som var.



6. Andre verdifulle naustmiljø

I tillegg til naust som vert fanga opp av dei generelle tilrådingane, vil me peika på nokre område spesielt.

Nes i Mundheim

gnr 140 bnr 3

Garden Nes på Neshalvøya er i Kulturminneplanen på gul liste i tre kategoriar: Nestunet under Hus, gard og tun, Nes gardssag under Industriarv og området rundt Nesvatnet, samt vikane på båe sider av Neshalvøya, under Kulturlandskap. Når det gjeld maritime kulturminne så ligg det i vika mot vest eit raudt sjøhus/ naust, samt grunnmuren etter eit naust. Denne grunnmuren er imponerende, ved at den er murt av svært mange mindre natursteinar.

Arbeidet for å ta vare på kulturlandskapet og dei kulturhistoriske og biologiske verdiane på Neshalvøya har blitt lønna med både Hordalands kulturlandskapspris, Kvam herads kulturpris og Norsk Kulturarvs Olavsrose.

Sjøen var vegen for Nes like til i 1950-åra. Naustmiljøet er lite endra. I og med at så mykje ved Nes gard er bevart og eigarane arbeider målretta med å ta vare på kulturlandskapet og dei kulturhistoriske og biologiske verdiane på Nes-halvøya, så bør også naustmiljøet på garden vurderast for "gul liste". Der som eigar av naustgrunnen skulle søkja om å få setja opp kopi av naustet som sto her, og som det finst foto av, så burde det kunna gjerast mogeleg. Det vil komplettera det kulturhistoriske miljøet på garden.



Indre og Ytre Oma

Det er viktig å sikra spor etter båtbygginga som har føregått mange stader langs kystlina vår. Tre stader der det har føregått båtbygging er på “gul liste”, Stekka og Holmsund under Fjord, fartøy og fiske, og Omaholmen under Hus, gard, tun. Båtbyggingsaktiviteten var spesielt stor i Strandebarm. Fleire båtbyggjarmiljø her bør vurderast for “gul liste” ved rullering av kulturminneplanen. Kva verkstader og område dette bør vera, bør kartleggjast nærare.

Både på Indre og på Ytre Oma var det mange som dreiv med båtbygging. På Omaholmen var det verkstader i to av husa. Langs strendene på Oma står framleis mange naust og båtbyggingsverkstader. Framleis står saga som skar materialar til båtbygginga, og eit sjøhus med dampskipskai. Midt i området ligg det idylliske friområdet Småholmane. Frå friområdet ser ein det moderne skipsverftet Fjellstrand, som har utvikla seg frå båtbyggingskompetansen i området.

Indre og Ytre Oma har høg kulturhistorisk verdi og høg landskapsverdi. Det bør vurderast å ta naust, sjøhus og dampskipskai, saga og båtbyggingsverkstaderne på Oma inn på “gul liste”.




Over: Saga på Oma som skar materialar til båtbygginga.
Under: Båtbyggjarmiljø på Oma.



Under: Friarealet Småholmane ligg på tangen som stikk ut i sjøen. På Oma er heile båtbyggingshistoria samla, frå saga

der dei skar materialane, til båtbygging i naust og egne verkstader, og fram til moderne skipsverft.



Andre båtbyggingsmiljø i Strandebarm

Somme bygde båtar i skytjer heime på tunet. Mange bygde båtar i naust og på naustlemmen, andre bygde båtar i egne båtbyggjarverkstader. Somme stader er det større båtbyggjarmiljø på ein stad. Dei ulike båtbyggingsmiljøa i Strandebarm bør gjennomgåast og vurderast for gul liste. Her kjem nokre glimt frå ulike miljø.

Munnlege kjelder:

*Peter Helland-Hansen, Hallgeir Bergheim,
Olav Slettvold, Halstein Viken*



Til høgre øvst: Naust ved Lingasundet, restaurert av Hardanger Fartøyvernssenter. Det har føregått båtbygging i dette naustet. I taket hang ei skorderenna under betane. Denne vart brukt under båtbygginga.

Til høgre: Fleire stader står det større intakte båtbyggjarverkstader. Her i Kjelsvika står båtbyggjarverkstaden til Anders Tangerås.



Under: I dei to største husa, som me ser her i Risafjæra, var det båtbyggjarverkstader som var i drift heilt til i 1980-åra. Både i Risafjæra og i Risosen på Tangerås, som ligg like nordaust for Risafjæra, var det større båtbyggingsmiljø med fleire verkstader og mange båtbyggjarar.



Eidesvågen

gnr 83 bnr 9 m.fl



Dette er eit fint landskapsrom, med tradisjonelle naustmiljø på både sider av vågen. Dei er lite endra, og her er få nyare inngrep. Vågen har høg landskapsverdi/ kulturhistorisk verdi og bør vurderast for "gul liste".



Fykkesund

Fykkesund, frå Steinstøl til Botnen og ut igjen til Bjelkanes, står på “gul liste” i Kulturminneplanen under Kulturlandskap (s. 80). Det må vurderast om naustmiljøa langs sundet er godt nok sikra gjennom det, eller om nokre av dei også bør vera på gul liste for naustmiljø. Kulturmiljøet langs heile sundet er særst interessant, har høg kulturhistorisk verdi og bør vernast om som ein del av landskapsparken. Parken vart skipa i 2007 av dei som bur, arbeider, har hytte eller eig grunn kring Fykkesundet. Føremålet er å leggja til rette for auka bruk på ein slik måte at natur, kultur og landskap vert teke vare på.



Stampo innfor Grytenes - her var det sagbruk



Nygaard



Klyve



Porsmyr



Brunnen



Ved Porsmyr



Urheim

Fleire av nausta i Fykkesund har ein andre etasje.

Bilvegane stoggar ved Porsmyr og Klyve. Sundet vidare innover er framleis hovudferdslevegen. Fykkesund er det einaste me har att av veglaus strandline langs fjorden, utanom på øyane.

Ein tur inn veglause Fykkesund kan gje ei kjensle av korleis det var å leva i Kvam før vegane kom.



Naustet til garden Skårø



Naust på Botnen



Høyløe på Spjotnes



Botnen med sju naust

7. Oppsummering

Alle naustmiljøa som kom med på “gul liste” i 2017, er av høg kulturhistorisk verdi, og fortener sin plass på lista. Naustet i Steinstø, som også står på lista, ligg i eit miljø som er ein god del endra. Naustet er verd å ta vare på, men det merkar seg ikkje ut frå mange andre liknande naust ved fjorden. Det ligg ved innlaupet til Fykkesund, som er med i kulturminneplanen som spesielt verdfullt kulturlandskap. Det ligg dermed alt i ei omsynssone for kulturmiljø, som det er verd å verna om.

Under arbeidet med Kulturminneplanen i 2017 var det særleg naust som står aleine, som ikkje vart fanga opp, samt naust og verkstader etter den store båtbyggingsaktiviteten i Strandebarm.

I samråd med bygningsvernkonsulent Anne Lise Brask Eriken tilrår me at fylgjande naust bør få omsynssone:

- naust med tørrmura vegger med lafta omfar over
- lafta naust
- naust i tradisjonelle landskapsrom
- sjøhus
- tradisjonelle naustmiljø ved friområde
- tradisjonelle naust i tettbygde strok

- Der det er “hol” i ei naustrekkje, der eit naust er vekke, må det vurderast om det kan setjast opp naust med same material, form og funksjon. Det må harmonera, passa inn i høve til det som var.

I tillegg bør fleire naustmiljø vurderast for “gul liste”:

- Nes i Mundheim - naustmiljø
- Indre og Ytre Oma - båtbyggingsverkstader
- Risa og Tangerås - båtbyggingsverkstader
- Andre båtbyggjarverkstader i naust og på naustlem
- Eidesvågen - naust på bae sider av vågen
- Fykkesund er på “gul liste” for kulturlandskap. Det bør vurderast om nokre av miljøa også bør vera på “gul liste” for naustmiljø. Kulturmiljø etter sjøbruk/sjøfart bør også sikrast. Det består oftast av naust, sjøhus, bustadhus og løe. Fleire slike finst mellom anna i Fykkesund.

Under: Dei tradisjonelle nausta langs fjorden minner oss om den tida då sjøen var hovudferdselsåra, og fiske til matauk var ein viktig del av livsgrunnlaget. Dette fine naustet står på Kaldestad i Norheimsund.



8. Avslutning

Kvam har ein rik kulturarv knytt til sjøen. Her er mange fine naust nedom gardsbruka langs fjorden, og mange særmerkte nausttrekkjer. Me finn tradisjonelle sjøhus og spesielt i Strandebarm mange båtbyggjarverkstader. Mange eigarar er medvitne om kva verdi nausta og sjøhusa deira har, og tek vare på dei. Andre har ynske om å ta vare på husa, men kan trengja vegleiing og økonomisk stønad.

Heradet ynskjer å informera om kvar eigarar av naust og sjøhus kan få vegleiing og kvar dei kan søkja om stønad. Vegleiing kan ein få ved å ta kontakt med bygningsvernkonsulent for Hardanger, ved Vestland fylkeskommune/Hardanger og Voss museum. Når det gjeld stønad, er det fleire instansar som støttar restaurering av maritime kulturminne av kulturhistorisk verdi. Ordningane er stadig i endring. Sjå nettsidene til Vestland fylkeskommune og Kvam herad. I Kvam herad sin kulturminneplan er fleire støtteordningar nemnde s. 58-59:

<https://www.kvam.no/tenester/planar-strategiar-og-styrings-dokument/temaplanar/kultur-idrett-og-fritid/kulturminneplan-2017-2027/>

Kvam har sett av ein fast årleg sum som eigarar av tradisjonelle hus som er på “gul liste”, kan søkja på.

Etter plan- og bygningslova § 1-8 er det byggeforbod innanfor 100-meters beltet i strandsona. Dette er eit generelt forbod som også omfattar å dela eigedomar. Føresegna har som føremål å ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Kvam har fått løyve til å vurdera byggegrensa i høve til terreng og omgjevnader i kvart einskild tilfelle, men byggegrensa kan ikkje koma nærare sjøen enn 10 meter. Det kan vera vanskeleg å få sett opp nytt naust på plassen om det gamle vert rive eller forfell. Restaurering og rehabilitering av gamle naust kan såleis svara seg.

I tusenvis av år rodde og segla kvemmingane når dei skulle nokon stad. Naustet var “garasjen” og båten var “bilen”. Dei første vegar vart bygde på slutten av 1800-talet. På 1930-talet og framover auka det på med vegbygging. I 1960-åra fekk alle som ville løyve til å køyra på vegane og bilen vart allemannseige. I ytste delen av kommunen kom det veg først i 1950-åra. Indre delen av Fykkesund er framleis veglaus.

Me er heldige i Kvam som framleis har veglaus strandline og mange fine naust og naustmiljø langs fjorden og i Fitjadalen, som minnar oss om den tid som var, og som gjev perspektiv til livet vårt i dag.

Eit godt tiltak kan vera å setja opp infotavler ved dei ulike naustmiljøa på “gul liste”, på dei stader som er opne for ålmenn ferdsle. Ved Strandvegen på Sandven i Norheim-sund og i friluftslivsområdet Holmsund (biletet under) står det slike skilt med informasjon, etter mal frå Vestland fylkeskommune.



Vedlegg: Ferdsel i innmark og utmark



Over: Når du står der og lurer på om du kan besøka kultur-miljøet kan det vera greit å vita kva reglar som gjeld. Området her på Fonnaland er privat. Ein kan sjå nausta frå båt.

§ 1 a.

Hva som forstås med innmark og utmark.

Som innmark eller like med innmark reknes i denne lov gårds plass, hustomt, dyrket mark, engslått og kulturbeite samt liknende område hvor almenhetens ferdsel vil være til utilbørlig fortrengsel for eier eller bruker. Udyrkete, mindre grunnstykker som ligger i dyrket mark eller engslått eller er gjerdet inn sammen med slikt område, reknes også like med innmark. Det samme gjelder område for industrielt eller annet særlig øyemed hvor almenhetens ferdsel vil være til utilbørlig fortrengsel for eier, bruker eller andre.

Med utmark mener denne lov udyrket mark som etter foregående ledd ikke reknes like med innmark.

Endret ved lover 21 juni 1996 nr. 37, tidligere § 1, 16 sep 2011 nr. 41 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 16 sep 2011 nr. 949).

§ 2.

Ferdsel i utmark.

I utmark kan enhver ferdes til fots hele året, når det skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet. Det samme gjelder ferdsel med ride- eller kløvhest, kjelke, tråsykkel eller liknende på veg eller sti i utmark og over alt i utmark på fjellet, såfremt ikke kommunen med samtykke av eieren eller brukeren har forbudt slik ferdsel på nærmere angitte strekninger. Om motorferdsel i utmark gjelder også lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Endret ved lover 10 juni 1977 nr. 82, 11 juni 1993 nr. 85, 21 juni 1996 nr. 37, 19 juni 2020 nr. 85.

§ 3.

Ferdsel i innmark.

I innmark kan enhver ferdes til fots i den tid marken er frosset eller snølagt, dog ikke i tidsrommet fra 30. april til 14. oktober. Denne ferdselsrett gjelder likevel ikke på gårds plass eller hustomt, inngjerdet hage eller park og annet for særskilt øyemed inn gjerdet område hvor almenhetens vinterferdsel vil være til utilbørlig fortrengsel for eier eller bruker. Eier eller bruker kan – uansett inngjerding – forby ferdsel over hage, plantefelt, høstsådd åker og gjenlegg (attlegg) også når marken er frosset eller snølagt, såfremt ferdselen er egnet til å volde nevneverdig skade. Statsforvalteren kan for det enkelte fylke eller deler av det bestemme at det tidsrom da det etter første ledd skal være ubetinget forbudt å ferdes i innmark, settes kortere eller lengre enn fra 30. april til 14. oktober.

Endret ved lover 11 juni 1993 nr. 85, 21 juni 1996 nr. 37, 20 juni 2003 nr. 45 (ikr. 1 juli 2003 iflg. res. 20 juni 2003 nr. 712), 7 mai 2021 nr. 34 (ikr. 1 juni 2021 iflg. res. 7 mai 2021 nr. 1416).

3 a. Ferdsel på vei eller sti i innmark.

Ferdsel i innmark som fører til utmark,

a. til fots på vei eller sti,

b. på vei eller opparbeidet sti med ride- eller kløvhest, tråsykkel, kjelke eller liknende, med unntak av organisert aktivitet som sykkeløp og rideklubb-aktivitet, er tillatt hele året, hvis ferdselen kan skje uten å passere gjennom gårds plass eller over hustomt eller uten på annen måte å være til utilbørlig fortrengsel eller ulempe for eier eller bruker.

Kommunen kan, etter samtykke fra eier eller bruker av eiendommen, gi forskrift om å forby ferdsel som er tillatt etter første ledd. Eier eller bruker kan forby ferdsel som er tillatt etter første ledd, hvis ferdselen er egnet til å volde nevneverdig skade.

Tilføyd ved lov 16 sep 2011 nr. 41 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 16 sep 2011 nr. 949), endret ved lov 19 juni 2020 nr. 85.”



Til høyre: Naust på Fosse.